



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Vår dato:

30.01.2019

Vår ref:

2019/3081

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Diana Eidem, 5557 2162

Epost sendt til: postmottak@radoy.kommune.no

## Minner om frist for regodkjenning av avfallsplan for hamner

---

**Alle hamner må ha godkjent avfallsplan som viser korleis avfall frå skip som legg til kai vert handtert. Kommunen er gitt ansvar å utarbeide felles avfallsplan for hamner som hovudsakeleg mottek avfall frå fritidsbåtar.**

**Fylkesmannen godkjente i 2016 felles avfallsplan frå kommunen, med ein gyldigheit på tre år.**

**Felles avfallsplan må sendast til regodkjenning innan 21. april 2019. Dette må gjerast uavhengig om det har skjedd vesentlege endringar eller ikkje.**

**Vi ber om stadfesting på motteke brev innan to veker.**

---

Vi viser til vedtak om godkjenning av felles avfallsplan for småbåthamner i Radøy kommune sendt frå oss 21. juli 2016.

### **Avfallsplan for hamner er eit verktøy for å redusere marin forsøpling**

Kapittel 20 i forureiningsforskrifta regulerer levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. I forskrifta er det sett krav om at alle hamner skal ha ein avfallsplan som viser at det er tilstrekkeleg mottaksordning for avfall frå skip som legg til kai. Det gjeld òg dei hamnene som kommunen driv eller eig.

### **Avfallsplanen skal godkjennast på nytt minst kvart tredje år**

Kommunen må, i samråd med hamneansvarlege, vurdere om det er behov for endringar i planen og sende han til godkjenning til Fylkesmannen minst kvart tredje år, jf. forureiningsforskrifta § 20-6 fjerde ledd.

Gjennomgang av eksisterande avfallsplan må gjerast i samråd med hamneansvarlege og brukarar av hamnene. Det bør gå fram om det er endringar i avfallsplanen og i så fall kva for endringar.



Sjå òg kommentarane som vart gitt i førre godkjenningsvedtak for å sjekke om det må/bør gjerast endringar i planen slik at han er i samsvar med regelverket.

Frist for innsending av plan til regodkjenning er **21. april 2019**, jf. forureiningsforskrifta § 20-6 fjerde ledd tredje punktum.

### **Alle småbåthamner bør vere med i felles avfallsplan**

Oversikta over hamner som kommunen har laga, sendt til Fylkesmannen 12. februar 2015 viser at det er fleire småbåthamner i kommunen enn dei som er med i felles avfallsplan.

Fylkesmannen ber kommunen om å arbeide for å inkludere alle småbåthamnene i revidert avfallsplan.

### **Småbåthamner som ikkje vil vere med i felles avfallsplan**

Hamneansvarlege som ikkje gir kommunen dei nødvendige opplysningane, slik at dei kan vere med i felles avfallsplan, er sjølve ansvarlege for å utarbeide ein eigen avfallsplan. Vi ber kommunen informere om dette til dei hamnene det gjeld, og at dei må sende eigen avfallsplan til Fylkesmannen for godkjenning snarast. Vi ber også kommunen om å sende kontaktinformasjon for desse hamnene til Fylkesmannen, slik at vi kan følgje dei opp vidare.

### **Ber om stadfesting på motteke brev innan to veker**

Vi ber om stadfesting på at de har motteke brevet innan to veker, gjerne inkludert informasjon om kontaktperson i kommunen.

### **Har de spørsmål?**

Ta gjerne kontakt på [fmvlpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpostmottak@fylkesmannen.no) og merk e-posten med ref. 2019/3081 hvis dere har spørsmål.

Med helsing

Astrid Holte  
senioringeniør

Diana Eidem  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*